

Lokal plan: *Størst av alt- og eg er med! Stedje sokn*

Sokn

Stedje

Kva har kyrkjelyden som hovudmål for trusopplæringa?

Visjon: Saman vil vi gjera Kristus kjend, trudd, elska og etterfølgd!

Fellesmål: Vi ynskjer at barn og unge, gjennom å dele tru og undring, skal lære å kjenne den treeinige Gud og vekse i trua på Han.

At barn og unge kjenner seg heime i kyrkjelyden, og erfarer eit raust og godt fellesskap der.

Vi ynskjer å bidra til at foreldre ser seg sjølv som viktige medarbeidarar i trusopplæringa, og å leggje til rette for eit godt samarbeid med dei.

Grunnlag og særpreg

Stedje sokn er det største soknet i Sogndal kommune, og omfattar tettstaden Sogndal med ca. 5000 innbyggjarar. Det er òg ein populær studiestad med ca. 2000 studentar.

Forutan barne- og ungdomskule (Trudvang skule med 325 elevar og Kvåle skule med 350 elevar) er her vidaregåande skule, folkehøgsskule og høgskule. Sogndal er hovudsete for Høgskulen i Sogn og Fjordane. Sommaren 2012 vil høgskuleaktiviteten i Sogndal bli samla på Fosshaugane Campus nær Høgskulebygget, som no er under oppføring, står ferdig.

Sogndal er kjend som "verdas einaste tippeligabygd", og det er stor aktivitet og interesse for fotball i bygda. I Sogndal finn vi òg saft og syltetøyprodusenten Lerum, som er, og har vore, ei tradisjonsrik hjørnesteinsverksemd gjennom 4 generasjonar. Sogndal byr elles på rike friluftsupplevingar i flotte og nærliggjande fjell, og bygda har sin eigen Fjellsportfestival som trekkjer folk langvegsifrå.

Kyrkja i Sogndal heiter Stedje kyrkje, og er ei langkyrkje frå 1867. Kyrkja er stor og romsleg, og eignar seg godt til samlingar for barn og unge. I tillegg har vi Stedje kapell, som ligg rett attmed kyrkja. Dette er eit flott "trusopplæringsrom" - som vi kjem til å ha mange samlingar i, framover. Ellers er sogndal indremisjonsforsamling (SIM) ei veksande forsamling i bygda. Kyrkja og SIM har nære "forbindelsar" gjennom barnekoret Barnegospelen, som dei driv saman. Frelsesarmeen har lokale i Sogndal med ein del aktivitet.

Stedje kyrkjelyd samarbeider òg med søndagsskulane i Sogndal og Gospelklubben på Kaupanger. Stedje kyrkjelyd har òg eit nært samarbeid med Stedje Barnehage, som er eigd og driven av Stiftinga Stedjetunet. Dei medverkar spesielt i hausttakkefesten i kyrkja, kvar haust.

Korleis kan ei systematisk trusopplæring for alle døypte bli utforma hos dykk?

Det vart nedsett eit trusopplæringsutval (TOL-utval) våren 2010 og trusopplærar var på plass i november, same år. TOL-utvalet har ein representant frå kvar av dei 5 sokna. Det er ingen prestar i utvalet, men dei har møterett og får referat frå møtene til utvalet.

ToL-utvalet har det siste året jobba med å "stake ut ein kurs" for korleis vi ville bygge opp arbeidet. Vi fann ut at vi ville ta utgangspunkt i det vi allereide har av "suksess-tiltak", som t.d. "utdelings-gudstenestene". Desse tiltaka har stor oppslutnad i sokna våre, og vi syntes det var naturleg å bygge desse ut med samlingar, i forkant- eller etterkant av utdelingane.

Med 5 ulike sokn, såg vi fort at desse samlingane måtte ha ulike "rammer" frå sokn til sokn, men vi vil at TOL-innhaldet skal vere det same. Vi er fortsatt i denne utprøvningsfasen, og prøver å finne kva som høver best i kvart sokn.

Vi synes òg det er viktig å jobbe med dei aller minste. Det var allereide ein "kultur" for babysong i nokre av bygdene våre, og det har vorte ein viktig møteplass for mange foreldre. Etterspørselen etter "noko å gå på" etter babysong var tydeleg frå foreldra, difor starta vi eit arbeid for dei barna som er 1-3.

Sokna i Sogndal valde hausten 2011 å satse på ungdomsleiarutdanning, som eit tiltak etter konfirmasjon (jfr. tiltak i TOL-planen). Vi trur at ungdom vert ein viktig ressurs som TOL-medarbeidarar for barn og unge. I Ungdomsleiarutdanningen vår er målet; å trene og utruste ungdom til frivilligheit. Vi har teke utgangspunkt i eit "løp" med tre steg; 1. Vere medleiar på 4 og 11 års-tiltak. 2.-3: Vere medleiar på konfirmantnatt og "Størst av alt"-kveldar. Dette er eit tidkrevande grunnlagsarbeid, og må følgjast opp med regelmessige samlingar.

I desse dagar tenkjer vi å utfordre konfirmantar i Leikanger til å verte med i eit MILK -opplegg frå KFUM-KFUK.

(Dette grunnlagsarbeidet står beskrive under "tiltak", men er ikkje å rekne som eit breddetiltak og står difor utan timar og antal samver.)

Hovudfokuset til TOL-utvalet har det siste året vore å lage ein realistisk og god plan for dei fem sokna våre. Vi innser at vi har mange utfordringar som ligg føre og vi må "skunde oss sakte". Kvart nytt tiltak krev mykje tilretteleggjing, ikkje minst dersom det involverar mange frivillig medarbeidarar. Vi ser at vi dette året får to nye tiltak igang; "Livets skatteboks" for 11 åringer og "Skulestart-gudsteneste" for 6 åringer. I juni vil utvalet drøfte den vidare vegen for 2013. Det er vanskeleg å sjå lenger enn dette,

Sentrale dimensjonar i ei systematisk trusopplæring

Når vi inviterer barn og unge til samlingar og gudstenester er det sentralt for oss at dei er aktive deltakarar. Dømer på dette er medliturgar i gudstenesta, lage og gjennomføre ei bønnevandring, lage gudstenester(gjennom gudstenesteverkstad), der barn og unge også pregar heile gjennomføringa. Vi erfarer at dette er oppgåver som både barn og unge meistarar godt, men det fordrar god planlegging og tilrettelegging frå oss vaksne, gjennom konkrete oppgåver og god tid. Dette trur vi legg eit godt grunnlag for å kjenne seg heime og trygge i kyrkja.

Medverknad frå barn og unge

Vi må altså utfordre barn og unge på oppgåver som er tilpassa dei, men vi vaksne må òg tole at dei ynskjer å ha ei meining om korleis ting skal gjerast. Dette ser vi ikkje minst i ungdomsleiar-arbeidet, der vi ynskjer å trene og utruste ungdom (jfr. ungdomsleiar trening). Dette er eit spennande arbeid der ungdom er med i planlegging, tilrettelegging og gjennomføring av ulike tiltak, som t.d. "Størst av alt"-kveldar for ungdom. Det er viktig at det er ungdomane sjølve som lagar desse kveldane. Vi tenkjer òg at vi, meir enn nokon gong, må sleppe ungdom til i sokneråda våre- slik at dei får vere med å prege prosessar og utviklinga av arbeidet i kyrkja. Dei har mykje kunnskap om kva ungdom tenkjer om kyrkja og kva dei ynskjer. Like eins bør dei vere med i gudsteneste-utval i sokna, men så langt er det berre eit sokn som har ungdomar i utvalet sitt i eininga vår.

[ungd.leiarar5.pdf](#)

Foreldre som ynskjer at barnet deira skal døypast, må få tydeleg informasjon om at dette er starten på eit "trusopplærings-løp" fram til barnet er 18 år. Vi må òg vere tydelege på at foreldre/fadrar og kyrkja har eit felles ansvar for trusopplæringa til barnet. Vi vil difor utarbeide ei brosjyre i kvart sokn med slik informasjon og om kva tiltak kyrkjelyden har til ei kvar tid.

Allereide i dåps-gudstenesta ynskjer vi å inkludere foreldre og fadrar i dette, då dei får høve til å vere medliturgar; anten som tekstlesarar, be bønner i gudstenesta, eller på andre måtar.

Vi ynskjer at foreldra så tidleg som mogeleg skal sjå seg sjølve som medarbeidarar i trusopplæringa. Vår oppgåve er å gjere foreldre trygge på at dei KAN, og at dei er svært viktige i dette arbeidet. Vi må vere tydelege på at den viktigaste trusopplæringa skjer i heimen! Vi synes babysong (0-1) og ulike småbarnssamlingar (1-3) er gode møteplassar der dette kan bli teke opp og formidla. Her brukar vi songar og bønner som foreldre kan bruke i trusopplæringa heime.

Samarbeid med heimen og familien

Vi må òg i gudstenesten våre - og i andre tiltak, informere foreldre og fadrar om gode nettsider der dei kan finne bøker /CDar og anna.

Vi ynskjer òg å inkludere foreldre og fadrar når vi inviterer til utdelingsgudstenester og samlingar, som leirleiarar når barnet er blitt større, eller som medarbeidarar i konfirmantarbeidet.

Vi vil i større grad enn no, leggje opp til at foreldre får komme til orde i evalueringar av tiltak. Dette er svært nyttig for oss.

Mange tiltak inkluderer gudsteneste, som er hovudsamlinga vår. Det vil gå fram av planen vår, at vi jobbar mykje med å skape tryggleik i samlingar før barn og unge kjem til gudstenesta, og møter heile kyrkjelyden. Dei må få tid til undring og arbeid med tema, og verte fortrulege med dei oppgåvene vi ynskjer at dei skal ta del i. Dette betyr at dei må få tid til å øve godt på det dei skal gjere, slik at t.d. 4 åringer kan ta del i femteikns-bøn, eller konfirmanten kan vere med i eit dramastykke, og oppleve at det gir meining og meistring.

Gudsteneste

Oppgåvene må òg fordelast godt og tilpassast den enkelte. Vi har god erfaring med barn og unge som medliturgar under dei fleste ledda i gudstenesta, og som kyrkjevertar, før gudstenesta startar.

Vi ynskjer at barn og unge skal vere synlege i gudstenestene og erfare at dei har sin naturlege plass i kyrkjelyden. Vi vil arbeide med å finne sentrale, gjennkjennande element som går igjen i gudstenestene våre. Dette kan t.d. vere femteiknsbøn, lystenning og teikne bønner på papirrullen i midtgangen (jfr. Sprell levande). Då vert gudstenesta forutsigbar og trygg.

Det er flott at frivillige medarbeidarar brukar si fritid i trusopplæringa, og vi trur at dei opplever det meningsfullt. Vi legg vinn på å respektere tida deira. Møter med dei skal vere presise og strukturerte, og innanfor oppsett tid. Dei må få forespeila ei ramme rundt det dei vert spurde om; Kva tiltak det er, kor mange samlingar, og i kva tidsrom vi tenkjer at dei skal vere med i tiltaket- t.d. i 1 år, eller ein gong pr. år.

Vi ser at det kan vere lurt å jobbe mot ein fast "stab" på ulike tiltak, som Tårnagenthelg t.d. Då veit dei frivillige medarbeidarne at det er dette tiltaket vi ynskjer at dei er med i, innanfor eit visst tidsrom.

Oppfylging av frivillige medarbeidarar	<p>I møte med frivillige ynskjer vi å førebu tiltaka og gudsteneste så godt, at dei veit kva dei går til. Nokre gonger kan det bety å få eit ferdig manus eller oppgåve opp i hendene. Andre gonger er det naturleg at frivillige er inni planleggingsprosessar saman med dei tilsette, før gjennomføringa av tiltaket. Vi vil følgje dei opp og lytte til deira erfaringar, gjennom evaluering av tiltak. Vi må formidle kor viktige dei er for barn og unge i trusopplæringa. Vi må vere tydelege på at medarbeidarfellesskapet er samansett av lønna og ulønna medarbeidarar, som alle deler og mottek.</p>
Tverrfagleg samarbeid	<p>Vi har ein frivilligfest for alle frivillige i einiga, kvart år.</p> <p>I Ungdomsleiar-treninga vår er målet å trene og utruste til frivilligheit. Dette arbeidet er vi igang med. Det er tidkrevande og må følgjast opp med regelmessige samlingar. Men vi har tru på at det er viktig å satse på ungdommar som medarbeidarar i trusopplæringa.</p> <p>Vi er EIN stab i vår eining. Trusopplæring er noko vi gjer saman og der alle dei ulike faggruppene er viktige.</p> <p>For tiltak som krev samarbeid kallar vi inn til planleggingsmøter. Dette skal skje i god tid før tiltaket skal skje.</p> <p>Barne- og ungdomspresten kallar inn til møter som angår konfirmantopplæringa og eldre ungdommar. Trusopplærar kallar inn til dei møta som angår tiltak for 0-13. I planlegginga prøver vi å avgrense ansvaret, slik at alle veit kva som er deira oppgåve. Slik unngår vi misforståingar. Det er viktige at vi ikkje berre går i "gamle" spor og gjer det same som ifjor, men stoppar opp og diskuterer om vi skal gjere ting på andre måtar. Vi vil leggje vinn på å evaluere tiltak i etterkant, og på den måten deler vi erfaringar- noko som bind oss tettare saman som kolleger.</p>
Samarbeid med b/u org	<p>I Stedje sokn har vi samarbeid med søndagsskulane, Sogndal indremisjonsforsamling (SIM) og Gospelklubben, i Kaupanger. Desse har vore deltakarar i gudstenester som "Sprell Levande" og 4 årsbok-utdelingar. SIM og kyrkja driv saman "Barnegospelen", som har øving kvar måndag i lokalet til SIM.</p> <p>Søndagsskulen i Leikanger, ligg diverre nede pr.idag.</p> <p>I Fjærland og Norum har vi eit samarbeid med Barnemisjon og Miniklubben (Normisjon).</p>
Kommunikasjonsarbeid	<p>I tillegg til dette har trusopplæringa vår eit leirsamarbeid med Lyngmo ungdomssenter, eigd av NLM og Sogn og Fj. Indremisjon (jfr. vedlegg)</p> <p>Brosjyre Pangstart 2012.pdf</p> <p>For å nå ut med info om arbeidet vårt, nyttar vi kyrkja si heimeside, trusopplæringa si Facebook-side, brev og SMS. Vi vil i info og invitasjonar i stor grad bruke bilete frå tidlegare tiltak og frå sokna sine lokalmiljø. I all info vil vi vere målretta og alderstilpassa.</p> <p>Vi brukar òg kyrkjelydsblada til å fortelje om tiltak vi har hatt i dei enkelte sokn, og informere om kva som kjem.</p> <p>Innad i staben nyttar vi medarbeidaren.</p> <p>Som før nevnt vil vi òg utarbeide ei trusopplærings-brosjyre for kvar sokn. Denne må informere om kva trusopplæring er, og det felles ansvar som foreldra og kyrkja har.</p> <p>Vi ynskjer at barn, unge og foreldre skal kjenne seg heime i kyrkjelyden. Då må vi òg informere godt om kven kyrkjelyden er.</p> <p>Treng dei meir info, må det kome fram kven dei skal kontakte.</p> <p>Sjå tiltaksplanane. Der går det fram om ansvar og info-flyt (Jfr.kommentar-felta)</p>
Inkludering og tilrettelegging	<p>Størst av alt plakat6.pdf</p> <p>I invitasjonane våre vil vi vere tydelege på at vi vil vite om barn og unge har særskilte utfordringar som vi bør vite om, og som krev tilrettelegging av noko slag. Vi skal ta initiativ til å følgje opp den informasjonen som vi får, og gjere dei nødvendige avtalar med foreldre. I andre tilfeller må foreldre sei noko om støttekontakt skal vere med barnet på tiltaket, eller om kyrkja skal finne bemanning til dette. Det same gjeld utstyr som barnet treng. Her vert det opp til foreldra å bestemme kva dei meiner for sitt barn.</p> <p>Vi ynskjer at barn, unge og familiane deira skal kjenne seg trygge og heime i kyrkja og kyrkjelyden. Difor må dei alltid bli møtt med eit "velkommen!" i det dei kjem inn dørene i kyrkjene våre. Vi må ta dei med inn i fellesskapet, hjelpe dei til rette, sjå dei og lytte til dei. Vi må hjelpe barn og unge til å vise omsorg for kvarandre, sleppe andre inn som ein naturleg del av fellesskapet. Dette er ein utfordring sidan mange barn kjenner kvarandre frå før og kan dra med seg ulike erfaringar frå skule og fritid.</p>
Diakoni	<p>Vi vil leggje vekt på samtale, og på denne måten gi rom for å dele og formidle noko om kven ein er, med dei andre. Vi har valt bibelforteljingar som tek opp Guds kjærleik for den enkelte, om å ta ansvar for andre, om tru og tvil, om tilgjeving og forsoning (Jfr. Juniorkonfirmant- Kode B)</p> <p>I konfirmasjonsopplæringa vert konfirmantane utfordra gjennom tema som; sosial rettferd og</p>

engasjement for andre. Konfirmantane har òg ei viktig rolle i gjennomføring av "Fasteaksjonen" kvart år (jfr. Konf.opplæring).

Song er viktig i tiltaka våre.(Sjå salmekanon som vedlegg). Vi gir rom for dans i fleire av tiltaka våre, der vi brukar ungdom som instruktørar for andre (Jfr. ungdomsleiar trening). Konfirmantane kan melde seg på musikkgruppe som bidreg i ulike gudstenester. Ungdomar får høve til å vere med i lovsangsband i " Størst av alt"-kveldane.

Andre kunstuttrykk: Vi leitar etter symbol i kyrkjene våre (jfr. Tårnagethelg) og studerer kyrkjekunsten i kyrkjene våre (Jfr. Barnebursdag).

Musikk og kultur

Gjennom tiltaket "Livets skatteboks" vil vi at barn skal verte kjend med m.a. bilete, maleri, plansjer,bilete i bøker, gamle songar og bønner.

Vi må gje barn og unge rom til å skape. I nokre tiltak vil vi difor leggje vekt på barns eigen kulturskaping gjennom å forme, teikne, male ulike uttrykk (Jfr. Sprell levande gudsteneste og Pangstart!)

[Salmekanon-forslag.doc](#)

Misjon

Misjon kjem inn som eit tema i Pangstart-leiren, som er eit fellestiltak for heile eininga. Her vil vi m.a. nytte boka "Misjon", utgitt av NMSU og Størst av alt.

Konfirmantane får òg høve til å " Gå vidare" gjennom ungdomsleiar trening. Her vil vi trene dei til personleg vekst og utruste dei til å "gi det vidare".(Jfr. Ungdomsleiar trening)

Alder	Namn på tiltak	Omfang i samvær	Omfang i timar
0 - 18	Dåpssamtale/ Dåp	2	2
0 - 1	Babysong Sogndal, Stedje Kapell	20	30
1 - 3	1-2-3 småtrolltrall i Stedje kapell	16	16
4 - 4	Undringstime i Stedje kyrkje,	1	2
4 - 4	Barna sin påskefest! Med utdeling av 4 årsbok. Stedje	1	1
4 - 4	Haust-utdeling av 4- årsbok .Stedje	1	1
4 - 10	Sprell levande-gudsteneste! Ei søndagsskulegudsteneste	2	2
5 - 5	Tenn lys! Adventsstund i kyrkja	2	3
6 - 6	Skulestart- gudsteneste	1	1
6 - 10	Barnebursdag i kyrkja	2	3
7 - 7	Kongefest	2	4
7 - 7	Superhelg	2	8
8 - 8	Tårnagethelg	2	6
9 - 9	Påskemysteriet	1	3
10 - 10	Happy day!	1	2
11 - 11	Livets skatteboks		
11 - 11	Utdeling av NT i Stedje kyrkje	1	1
11 - 13	Pangstart! - leir på Lyngmo	1	16
12 - 12	Juniorkonfirmant- kode B	4	8
13 - 13	Det er ditt val: Snart konfirmasjon	2	4
14 - 14	Konfirmasjons-opplæring	25	60
14 - 18	"Størst av alt"-kveld	8	16
15 - 18	Ungdomsledar-trening: Går du vidare?Steg 1. På god veg!Steg 2 og Steg 3		
15 - 15	Ungdomsleiar-leir før pangstart!		

Tiltak i planen retta mot det einsskildre alderstrinnet																			
Alder	0	1	2	3	4	5	6	7	8	9	10	11	12	13	14	15	16	17	18
Tiltak i planen retta mot det einsskildre alderstrinnet	2	3	2	2	5	3	4	5	4	4	4	4	3	3	3	4	3	3	3

Planlagt: Totalt kor mange tiltak: 24
Totalt kor mange timar: 189

Gjennomført 2011:
Totalt kor mange tiltak: 11
Totalt kor mange timar: 127

Gjennomført 2012:
Totalt kor mange tiltak: 5
Totalt kor mange timar: 11

Tiltak i ei systematisk og samanhengande trusopplæring for alderen 0-18 år



Dåpssamtale/ Dåp
Alder: 0 - 18 (2 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	Gjennom dåpssamtale informere foreldra om kva dåpen inneber og om den praktiske gjennomføringa av dåpen. Informere om trusopplæringstiltaka i soknet og peike på at foreldre og kyrkja har eit felles ansvar for å følgje opp dåpen.
Livstolking og livsmeistring	Praktiske og konkrete framlegg til korleis dåpsopplæring kan skje i heimen dei første leveråra. Reflektere saman over dåp og lovnader. Undring, glede og takk over det skapte.
Tru og tradisjon i kyrkja	Dåpen- Guds gåve. Dåpsbefalinga, Matt 28. 16-20. Jesus og barna; Mark 10, 13-16. Dåpsliturgien. Truvedkjenninga.
Tema/innhald	Kristen tru i praksis Bøn og velsigning. Syngje songar. Lystenning for barna. Delta i liturgien og salmane.
Arbeidsmåtar	Dåpssamtale. Gir hefte + cd; " Nå lukker seg mitt øye". Sender ut "Orientering om dåpen" til foreldre. Sender ut brosjyren "Fadderhelsing" til fadrane. Vi tenner dåpslys, som dåpsbarnet får etter dåpen. Dåpsbarnet får dåpsklut (frå Kyrkjeringen).
Ansvarleg	Dele ut brosjyre om trusopplærings-tiltaka som kyrkjelyden har. Sokneprest Sekretær på kyrkjekontoret sender ut infoskriv/brosjyrer om dåpen til foreldre og fadrar.
Kommentar:	Prestane deler ut hefte og CD, på dåpssamtalen. Dei deler òg ut ny brosjyre om trusopplæring frå soknet, når den er klar frå TOL-utvalet.



Babysong Sogndal, Stedje Kapell
Alder: 0 - 1 (20 Samvær, til saman 30 timar)

Mål	At foreldre og barn skal kjenne seg heime i kyrkja. Formidle eit positivt Gudsbilete. Motivere til trusopplæring i heimen.
Livstolking og livsmeistring	At barnet skal oppleve undring og glede gjennom song, musikk og leik. Å leggje til rette for eit godt samspel mellom barn og foreldre.
Tru og tradisjon i kyrkja	Gud som skapar; 1. mos. Guds omsorg for barnet; Salme 139 m.m. Det doble kjærleiksbodet; Matt.22, 37-40 Jesus og barna; Mark 10, 13-16
Tema/innhald	Kristen tru i praksis Songar med tekstar som formidlar: Guds kjærleik, at menneske og verda er skapt av Gud, bønner til Gud.

Arbeidsmåtar	Song og regler. Rytmeinstrument. Leik. Måltidsfelleskap. Foreldra får med ark med songane som vi brukar. Dele ut eit bilete/plakat med song eller bøn, som dei kan henge opp heime.
Ansvarleg	Trusopplærar Det vert informert om babysong i dåpssamtalen til foreldre med barn 0-1 år, i alle sokna i Sogndal. Babysongen er i Stedje kapell, i Sogndal. Det er ein bolk med 10 samlingar haust og 10 samlingar vår.
Kommentar:	Med i tiltaket er trusopplærar, kantor i Sogndal og ein ulønna medarbeidar. Trusopplærar set opp datoar for samlingar og følgjer dette opp på nettsida til kyrkja. I 2012 vil vi i tillegg prøve å lage gudsteneste i tilknytning til babysong, Slik det er gjort i Leikanger.



1-2-3 småtrolltrall i Stedje kapell
Alder: 1 - 3 (16 Samvær, til saman 16 timar)

Mål Gje foreldre eit tilbod etter babysong og halde kontakten med dei. Motivere til trusopplæring i heimen og gje tryggleik til at den viktigaste trusopplæringa skjer heime!

Livstolking og livsmeistring At barnet skal oppleve undring og glede gjennom song, musikk og leik. Å leggje til rette for eit godt samspel mellom barn og foreldre.

Tru og tradisjon i kyrkja Gud som skapar; 1. mos.

Tema/innhald Guds omsorg for barnet; Salme 139 m.m.
Det doble kjærleiksbodet; Matt.22, 37-40
Jesus og barna; Mark 10, 13-16

Kristen tru i praksis Songar med tekstar som formidlar:
Guds kjærleik, at menneske og verda er skapt av Gud, bønner til Gud.

Arbeidsmåtar Song og regler.
Rytmeinstrument.
Leik.
Måltidsfelleskap.
Foreldra får med ark heim, med songane som vi brukar.

Ansvarleg Trusopplærar
Det vert lagt opp til 8 samlingar haust, og 8 samlingar vår.

Kommentar: Vi er litt i tvil om dette tiltaket kan reknast som breiddetiltak, men vi ynskjer at det skal verte det. Pr. idag har det vore litt tilfeldig info.flyt, inn imot dei som har gått på babysong, men dette vert endra når vi får den nye TOL-brosjyra og vi får gjeve info til alle som kjem på dåpssamtalen, og i tillegg informerer via epost/brev. Uansett viser beskrivinga ovanfor at dette er ei vidareføring av babysong - noko mål, innhald og arbeidsmåtar viser:)



Undringstime i Stedje kyrkje,
Alder: 4 - 4 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål At 4 åringen vert kjend med dei som jobbar i kyrkja, og vert trygg i kyrkjerommet før dei får boka utdelt.
Lære om dåp på ein konkret måte.

Livstolking og livsmeistring At han /ho får kjenne seg
”størst i Guds rike”: Sett, høyrte og teken på alvor!

At forteljningane om Jesus gir glede, trøyst og oppmuntring.
Bli nysgjerrig på å høyre meir. Oppleve venskap og fellesskap i samlinga.

Tru og tradisjon i kyrkja Vi fokuserer fyrst på alt Gud har skapt og at vi menneske er ein del av skaparverket. Vi snakkar om dåpen.
Vi les ein av desse bibelforteljningane frå fireårsboka:

Tema/innhald - Den eine sau og dei nittini; Luk.15,1-7
- Sakkeus; Luk. 19,1-10

Kristen tru i praksis

Vi tenner dåpslyset.

Vi gir rom for undring om at vi er skapt av Gud. Vi syng "skapings- songar" frå boka.

Vi ber femteikns-bøna saman og syng songar frå 4 årsboka.

Vi fortel/viser med dokke kva som skjer i dåpen, og kva presten seier under dåpshandlinga. Vi tenner lys i lysgloben.

Sende DVD'en "Velkommen", i forkant av samling og gudsteneste.

I samlinga "vandrar" vi rundt i kyrkja:

Tenner lys i lysgloben.

Øver inn teikna i femteikns-bøna. Leikar dåp med dokke og vatn, ved døypefonten:

Vi viser korsets teikn.

Dei som vil, heller vatn tre gonger over hovudet.

Ser på altar/altarbilete/altarring. Prøver å knele.

Går tur på galleriet.

Arbeidsmåtar

Leser ei bibelforteljing frå 4-årsboka.

Måltidsfelleskap på laurdags/ettermiddagssamlingane: Kaffi, Saft og bollar/ kjeks.

Lagar "hav" med blått stoff til bruk i lek og song.

Dersom det er tid øver vi på prosesjon og songar, til slutt.

Ansvarleg

Trusopplærer

Trusopplærer sender ut invitasjon og info om tiltaket. Dersom det er andre som gjennomfører tiltaket, er det ho som tek initiativ i forkant og syter for nødvendig informasjon til desse.

Kommentar:

I Stedje møter barna laurdag, eller event. ein ettermiddag, til samling.

Når barna skal på galleriet og opp trappa, må ein vaksen alltid gå fyrst heilt opp på galleriet, ein vaksen i midten og ein bakarst.



Barna sin påskefest! Med utdeling av 4 årsbok. Stedje
Alder: 4 - 4 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål

At 4 åringen får vere med å prege gudstenesta.

Motivere foreldre og fadrar til å lese boka saman med 4 åringen, og motivere barna til å begynne på søndagsskule/
barneklubbar.

Livstolking og livsmeistring

At han /ho får kjenne seg "størst i Guds rike".

Tru og tradisjon i kyrkja

At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring.
Oppleve venskap og fellesskap i gudstenesta.

Frå "Mi kyrkjebok": Kven Jesus er.

Påskeforteljinga: Kva skjedde med Jesus?

Matt.kap. 26-28

Tema/innhald

Kristen tru i praksis

Formidle eit bilete av Jesus, slik vi les om han i " Mi kyrkjebok".

Formidle det som skjedde med Jesus, på ein enkel og konkret måte.

Vi tenner lys og ber fem-teiknsbøna saman.

Vi syng songar frå 4 årsboka.

Vi viser drama/rollespel om påskeforteljinga.

Forteljing.

Utdeling av bok.

Bruke det blå "havet" og syngje " havsongar".

Drama.

Arbeidsmåtar

4 åringane skal saman med presten: Vise femteiknsbøn, vere med å tenne lys i lysgloben, lyse velsignelsen og teikne korsets teikn.

Trusopplærer skal:

Informere foreldre, besteforeldre og fadrar om nettsidene til: Barn og tru, Iko- forlaget m. fl.

Ansvarleg

Sokneprest i Stedje

Utdeling av 4 årsbok vert knytt opp mot undringstime for 4 åringar. Trusopplærar sender ut invitasjon både til gudsteneste og undringstime. Ho syter for bestilling av bøker.

Søndagsskulen på Stedje er inviterte med som medliturgar i gudstenesta. Barne og -ungdomspresten tek kontakt med dei.

Kommentar:

2012 har trusopplæringa i Stedje, Barnegospelen (Sogndal) og Gospelklubben (Kaupanger) eit samarbeid. Dei deltek i gudstenesta på ulike måtar.

For tips og idear til kva ein kan fokusere på i høve foreldre og fadrar; sjå www.barnogtru.no og www.iko.no



Haust-utdeling av 4- årsbok .Stedje

Alder: 4 - 4 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål

At 4 åringen får vere med og prege gudstenesta. Motivere foreldre og fadrar til å lese boka saman med 4 åringen, og motivere barna til å begynne på søndagsskule/ barneklubbar.

Livstolking og livsmeistring

At han /ho får kjenne seg ” størst i Guds rike”. At forteljningane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Oppleve venskap og fellesskap i gudstenesta.

Tru og tradisjon i kyrkja

Fokusere på ei av desse bibelforteljing frå ”Mi kyrkjebok 4”:

Tema/innhald

Jesus og Stormen ; Mark. 4. v. 35-41, eller Jesus og barna ; Luk. Kap. 18 og 9.

Kristen tru i praksis

Vi tenner lys. Vi ber fem-teiknsbøna saman. Vi syng songar frå boka. Vi fortel frå boka.

Forteljing.

Utdeling av bok.

Bruke det blå "havet" og syngje " havsongar"

Arbeidsmåtar

4 åringane saman med presten: Femteiknsbøn, lystening i lysgloben, lyse velsignelsen.

Trusopplærar: Informere om nettsidene til:

Barn og tru, Iko- forlaget m.m.

Ansvarleg

Sokneprest i Stedje

Utdeling av 4 årsbok vert knytt opp mot undringstime for 4 åringar. Trusopplærar sender ut invitasjon både til gudsteneste og undringstime. Ho syter for bestilling av bøker.

Kommentar:

Søndagsskulen på Stedje er inviterte med som medliturgar. Barne- og ungdomspresten tek kontakt med dei.

For tips til kva ein kan fokusere på i høve foreldre og fadrar; sjå www.barnogtru.no



Sprell levande-gudsteneste! Ei søndagsskulegudsteneste

Alder: 4 - 10 (2 Samvær, til saman 2 timar)

Mål

Samle fleire generasjonar til ei sprell levande gudsteneste.

Jesus til barna!

Livstolking og livsmeistring

Formidle at Jesus er ein dei kan komme til, med heile seg og alle sine sansar. Stimulere til åndeleg vekst gjennom det dei opplever i gudstenesta.

Tru og tradisjon i kyrkja

Velje ut ifrå "Sprell levande-gudsteneste"-opplegget, t.d. ein av desse: Jesus hos Marta og Maria; Luk. 10,38-42 Daniel i Løvehola; Dan.6 Den kongelege embetsmannen i Kapernaum; Joh.4, 43-54

Tema/innhald

Herrens bøn, Matt. 6.9-13, og anna bøn.

Kristen tru i praksis

Vi tenner lys. Vi ber fem-teiknsbøna saman og Herrens bøn. Vi teiknar egne bøner på papirrull, i midtgangen. Vi syng barnesongar/salmar. Dramatisering/ rollespel av bibelforteljinga som er vald. Dåpspåminning: Søndagsskulebarna og dei vaksne medliturgane teiknar kross med vatn, i hendene på dei som kjem fram.

Arbeidsmåtar	Forteljing. Drama eller rollespel. Teikne i midtgangen. Søndagsskulebarna er delaktige som medliturgar i dåpspåminning/dåp. Dei tenner lys i lysgloben. Dei lyser velsignelsen og teiknar korsets teikn, framme i koret saman med presten.
Ansvarleg	Barne-og ungdomsprest.
Kommentar:	Barne-og ungdomspresten sender ut info til dei som skal vere med gudstenesta. Det er 1 Sprell levande -gudsteneste vår og haust, i Stedje kyrkje. Søndagsskulane deltek i gjennomføringa, på ulike måtar. Vi tenkjer òg å invitere 5 åringane spesielt til denne gudstenesta.



Tenn lys! Adventsstund i kyrkja

Alder: 5 - 5 (2 Samvær, til saman 3 timar)

Mål	Å førebu høgtida som kjem, gjennom innhald og aktivitetar.
Mål	Verte kjend med historia om Jesu fødsel.
Livstolkning og livsmeistring	At han /ho får kjenne seg ” størst i Guds rike”.
Tema/innhald	<p>At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Oppleve venskap og fellesskap i samlinga. Jesus er lyset for verda; Joh, 8.12 Profeten Jesaja sine profetiar om Jesus; Jes. 7.14 Då Jesus vart fødd; Luk. 2, 1-20</p> <p>Tru og tradisjon i kyrkja</p> <p>Kristen tru i praksis</p> <p>Vi undrar og deler tankar om; Jesus som lyset for verda, Jesus som frelsaren ein venta på, og då Jesus vart fødd.</p>
	Leik som "ristar" oss saman. Tenne dåpslyset og lys i lysgloben. Fortelje bibelforteljing.
Arbeidsmåtar	Øve på eit par songar vi kan bruke gudstenesta.
	"Lys-stasjonar"i kyrkja og kapellet: 1. Støype eit felles lys, 2.Dyppe på lys, 3.Lage bivoks-lys. 4. Ein enkel bønnevandring i kyrkja, der lyset har ein sentral plass.
Ansvarleg	Trusopplærar
	Trusopplærar sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket.
Kommentar:	Tenn lys er i november , siste veka før advent. 1 ettermiddagssamling og 1 gudsteneste.



Skulestart- gudsteneste

Alder: 6 - 6 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål	At 6-åringen skal kjenne seg verdsett og teken på alvor.
Livstolkning og livsmeistring	At han /ho får kjenne seg ” størst i Guds rike”. At forteljingane om Jesus gir glede, trøst og oppmuntring. Oppleve venskap og fellesskap i gudstenesta. Skape forventning til det å begynne på skulen.
Tema/innhald	<p>Tru og tradisjon i kyrkja</p> <p>Den gylne regelen; Matt. 7,2 Bartimeus; Mark.10, 46-52</p> <p>Kristen tru i praksis</p> <p>Vi feirar, ber og tenner lys for 6 åringane. Vi ber Gud velsigne 6 åringane,skulestarten og deira tid på skulen.</p>
Arbeidsmåtar	6 åringane vert invitert til gudsteneste. Med skulesekk! Forteljing. Forbønn. Vi tenner lys, for kvar 6 åring, i lysgloben. Velsigning med 6 åringane framme i koret.
	Event. kaker og saft rett etter gudstenesta.
Ansvarleg	Sokneprest i Stedje og trusopplærar

Trusopplærer sender ut invitasjon til 6 åringane.
Siste søndag føremiddag/kveld før skulestart.

Kommentar:

Konfirmantar evt. ungdomsleiararne tek i mot 6 åringane og registrerer kven som kjem. Konfirmantar, evt. ungdomsleiararne, tek i mot 6 åringane og registrerer kven som kjem. I 1 åringane får invitasjon til å vere med, då desse ofte er "fadrar" til 6 åringane på skulen.



Barnebursdag i kyrkja

Alder: 6 - 10 (2 Samvær, til saman 3 timar)

Mål

Kjenne historia til kyrkja si.
At kyrkja er som ein heim.

Livstolking og livsmeistring

At dei ser livet sitt i samanheng med barn som voks opp før.
Verte glade i kyrkja si, og kjenne at dei høyrer til der.

Tema/innhald

Tru og tradisjon i kyrkja

Verte kjend med kyrkja si historie. Finne "spor" av Jesus i kyrkjekunsten i kyrkja.

Kristen tru i praksis

"Gled dykk!", Fil.4, 4-8.

Vi fortel og samtalar om kyrkja.

Vi lærer ein ny song med kristent innhald.

Arbeidsmåtar

Lage barnebursdag.
Ballongslepp.
Måltidfellesskap og godteposar.
Lage kor der ein øver inn ein sang med bevegelsar.
Event. dans.
Vise gjenstandar frå/ om kyrkja.
Lage ei gåve til kyrkja.
Lage utstilling i kyrkja, av det dei har laga.

Ansvarleg

Trusopplærer og sokneråd

Kommentar:

Trusopplærer sender ut invitasjon og info om tiltaket. Ho tek initiativ mot soknerådet og syter for nødvendig informasjon til dei. 1 laurdagssamling og gudsteneste.

Kvart år kyrkjene fyller heile -og halve tiår.



Kongefest

Alder: 7 - 7 (2 Samvær, til saman 4 timar)

Mål

Lære historia om dei tre visemenn, og deira ferd mot Jesus.

Lære om "Heilage tre kongarsdag", 6.januar.

Livstolking og livsmeistring

Undre seg over spørsmål om:

Guds kjærleik til menneska. Håpet; Om å la seg leie av ei stjerne. Reflektere over det gode mot det vonde.

Tema/innhald

Tru og tradisjon i kyrkja

Dei tre vise menn; Matt 2.

Kristen tru i praksis

Lære om nokre tradisjonar knytta til tre kongarsdag i landet vårt og i andre land.

Vi fortel og samtalar. Vi syng, ber og tenner lys.

Bruke ei krybbe til å fortelje historia.

Lage eit enkelt drama- som vert vist i gudstenesta.

Arbeidsmåtar

Øve inn songen "Eit barn er fødd i Betlehem" m.m.
Tenne lys.
Måltidsfellesskap.

Stasjonar:

Lage trearmalys. Lære om "Heilage trekongars dag" i den ortodokse kyrkja. Gå på "stjernejakt" rundt i kyrkja. Pynte og lage si eiga kongekrone, slik at de kan være "småkongar" i gudstenesta m.m.

Ansvarleg

Trusopplærer

Trusopplærer sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket.
1 samling ettermiddag
1 gudsteneste

Kommentar:

Samlinga: Prøve å ha denne 6.januar.



Superhelg

Alder: 7 - 7 (2 Samvær, til saman 8 timar)

Mål	Å lære songar som passar for 5-9 åringar og deira "trus -univers".
Livstolking og livsmeistring	Å oppleve glede ved å syngje saman med andre.
Tru og tradisjon i kyrkja	Å kjenne seg som ein del av eit fellesskap.
Tema/innhald	Verte kjend med ein sentral bibelforteljing som formidlar Jesu kjærleik til menneska: Den eine sauen-og dei nittini, Luk.15.1-7.
Kristen tru i praksis	Vi syng mykje saman og ber bønner, ved starten og slutten på dagen. Lærer om sentrale personar i Bibelen.
Arbeidsmåtar	Korseminar, aktivitetar og leik, film,konsert, måltidsfellesskap, gudsteneste/ event. storsamling på SIM.
Ansvarleg	Barne-og ungdomsprest/trusopplærer, Kaupanger indremisjon og SIM.
Kommentar:	Fellestiltak mellom SIM (Sogndal indremisjon), Kaupanger indremisjon og Stedje kyrkjelyd. Barne-ungdomsprest/trusopplærer sender invitasjon til barna i målgruppa frå Stedje og Kaupanger.



Tårnagenthelg

Alder: 8 - 8 (2 Samvær, til saman 6 timar)

Utforske kyrkja og kjenne seg heime der.

Mål	Lære om pinsa og kven den Heilage Ande er.
	Lære om kyrkjelege symbol, og kva dei tyder.
Livstolking og livsmeistring	Undre seg over spørsmål om å tru på noko ein ikkje ser. Opplive glede og spenning i arbeid med Bibelens ord. Lære kyrkjelege symbol.
Tru og tradisjon i kyrkja	Leit så skal de finne; Matt.7.7 Pinsa og Den Heilage Ande; Apg 2. 1-15. 41 Symbola: -Korset -fisken -Dua -Gud fader (auge) -Guds lam -kornaks -tårnet i kyrkja.
Tema/innhald	
Kristen tru i praksis	Vi ber egne bønner. Vi syng,delar ut hjarte til kyrkjelyden. Dåpspåminning.
Arbeidsmåtar	Arbeidet baserer deg i stor grad på stasjonar og arbeid i grupper: Ta bilete av symbol vi finn i kyrkja. Symbol-puslespel frå " Sprell levande"-opplegget. Skrive bønner og klippe hjarte. Øve inn Tårnagentsongen.
Ansvarleg	Tidsmaskin, der vi møter ein bibelsk person. Klatre opp i tårnet og lage " Tårnmusikk". Lage fruktsalat. Leik, aktivitetar, og forteljing. Gudstenesteverkstad. Måltidsfellesskap. Trusopplærer/prestar

Trusopplærer sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket.

Frå 2012:

Kommentar:

Samle 8 åringar frå sokna i Stedje kyrkje laurdag.

Dersom det vert fleire enn 50 stk, set vi opp ein ekstra dag; fredagen før. Samle alle søndag til gudsteneste i Stedje.

Invitasjon vert send med info om at det kan verte to Tårnagent-dagar.



Påskemysteriet

Alder: 9 - 9 (1 Samvær, til saman 3 timar)

Mål	Verte kjend med påskeforteljinga og profetiane om det som skjedde med Jesus.
	Livstolking og livsmeistring Undre seg over spørsmål om liv og død. Sjå samanhengar. Gi rom for å setje ord på vanskelege spørsmål knytta til Jesu liding, død og oppstode.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja Jesu liding, død og oppstode, Matt.26-28. Profetiar om Jesus, Jesaja 52, 13/53,5. Påskesalmar. Kristen tru i praksis Vi undrar saman over dette mysteriet. Vi lyttar til kvarandre. Vi syng eit par utvalde påskesalmar. Delta i påske- vandring.
Arbeidsmåtar	Forteljing. Vi lagar ein enkel påskevandring i kyrkja. Bruke lego/Plastelina; Lage eit påska-tablå saman, av Jesu liding, død og oppstode. Måltidsfelleskap.
Ansvarleg	Trusopplærer
Kommentar:	Trusopplærer sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket.



Happy day!

Alder: 10 - 10 (1 Samvær, til saman 2 timar)

Mål	Lære barna om dåpen og kva Bibelen fortel om dåpen. Dåpsjubilantane i fokus. At 10 åringane opplever at dei er ein del av kyrkjelyden.
	Livstolking og livsmeistring Kjenne tilhøyring til kyrkja og kyrkjelyden dei er ein del av.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja Dåps-og misjons-befalingen, Matt.28,16-20. Kristen tru i praksis Vere delaktig i det som skjer i gudstenesta. Vere med å feire gudsteneste.
Arbeidsmåtar	Fokusere på dåpen og tenne dåpslyset. Dåpspåminning. Forbøns-handling og tenne lys for kvar 10-åring. Gi ei fin helsing med dåpsbefalinga frå kyrkjelyden. Fotografering etter gudstenesta. Feire med brus og kake.
Ansvarleg	Trusopplærer og sokneprest i Stedje Trusopplærer sender ut invitasjon til barna, og info til dei som skal vere med i tiltaket. Gudsteneste med ballongar, brus og kake!
Kommentar:	Event: Samling for 10 åringane der dei møter 45 min før gudstenesta. Konfirmantar tenner lys, i lysgloben, for 10-åringane.



Livets skattekiste

Alder: 11 - 11 (Samvær, til saman timar)

Mål	Lære forteljingar, songar og bønner knytt opp mot livet og formidla gjennom dei eldre sine forteljingar og barndomsminne.
------------	---

	Livstolking og livsmeistring	Verte bevisst på si eiga tru gjennom å lytte til andre si trus-forteljing.
	Tru og tradisjon i kyrkja	Reflektere over liv og levnad før og no, i lys av den kristne trua. Kyrkja og kyrkjeferda. Songar, salmar og bibelhistoriar. Bøner, bibelske bilete og maleri. Høgtidene i kyrkja.
Tema/innhald	Kristen tru i praksis	Peters fiskefangst, Luk. 5,1-11 Seniorar fortel om deira opplevingar i kyrkja då dei var barn. Om høgtider, merkedagar og gudsteneste-liv i kyrkja. Songar og bøner dei lærte før. Om Bibel-illustrasjonar og andre kunstuttrykk som var viktige for dei. Forteljingar frå Bibelen.
Arbeidsmåtar		Fortelje og samtale. Lære ein song/ salme/bøn. Skattekiste med gjenstandar som ein kan ta utgangspunkt i, og studere. Lystenning. Lage "Presenningsbåt", og prøve båten på grunt vatn i Dalavatnet.
Ansvarleg		Trusopplærar og senior "Livets skattekiste" er eit opplegg der diakoni og trusopplæring møtest. Opplegget heiter "frå senior til junior" og står i diakoniplanen for Sogndal kommune. Tiltaket er i- og ved Kyrkjelydshytta ved Dalavatnet.
Kommentar:		Diakonen har ansvar for den fyrste delen av opplegget, medan trusopplærar har ansvar for andre del. Dette opplegget gir høve til å "utdanne" frivillige, samt vere ein praksisplass for ungdomsleiarar. Trusopplærar sender ut invitasjon til barna og tek initiativ til god kontakt med senior.



Utdeling av NT i Stedje kyrkje
Alder: 11 - 11 (1 Samvær, til saman 1 timar)

Mål	Få innblikk i Bibelen sitt mangfald og Bibelen som skattekiste. Motivere til å bli med på "Livets Skattekiste" i april, og leir i august.
Livstolking og livsmeistring	Verte kjend med Bibelen sine forteljingar. Bli motivert til å bruke Bibelen.
Tru og tradisjon i kyrkja	Velje ein av desse tekstane: Den bortkomne sonen; Luk 15. 11-32 Den miskunnsame samaritanen; Luk. 10, 25-37 Såmannen; Luk. 8, 4-15(Dersom det er såmannssøndag). På vegen til Emmaus. Jesus syner seg for læresveinane; Luk 24.13-43
Tema/innhald	Kristen tru i praksis Lytte til forkynning og syngje salmar/ songar. Tenne lys i lysgloben og be for 11 åringane. Delta i liturgien. Be Herrens bøn.
Arbeidsmåtar	Presentere Bibelen. Formidle tekstar som er valde. Bøn, songar, velsigning, utdeling.
Ansvarleg	Sokneprest i Stedje
Kommentar:	Sokneprest har ansvar for at invitasjon vert sendt ut til 11 åringane, og at NT vert bestilt.



Pangstart! - leir på Lyngmo
Alder: 11 - 13 (1 Samvær, til saman 16 timar)

Mål	Vi har tema som rullerer i ein 3 årsbolck: 1 år: Luft: Lære om kven den Heilage Ande er og om Andens frukt. 2 år: Eld og vatn: Lære om kva misjon er. 3 år: Jord: Skapt av Gud! Lære om skapingsforteljingane i Bibelen og reflektere over dei.
Livstolking og livsmeistring	Gi rom for å stille spørsmål om tema. Gi rom for undring, refleksjon, tvil og tru. Gjere eigne vurderingar om kva dette vil sei i den enkelte sitt liv.

Tema/innhald	<p>Tru og tradisjon i kyrkja</p> <p>1. Pinsedag, Apg. 2, 1-13. Livet i Anden, Gal. 5, 16-26. 2. Paulus, Apg. Dåps og misjonsbefalinga, Matt 28, 16-20. 3. Skapinga, 1.mos 1-2.</p> <p>Kristen tru i praksis</p> <p>Vi lyttar til forkynning og samtalar om det vi har høyr. Vi syng, les i Bibelen, ber eigne bønner og tenner lys. Ber Herrens bøn, kvar kveld. Refleksjon om tema også gjennom kreative uttrykk.</p> <p>Verkstader: Male og forme ulike uttrykk (knytt til tema), musikk, natursti med Bibel m.m. Aktivitatar: Sykkel-tur, Kode B dansen (innimellom), ballspel, kano og bading, kreativitet hjørne.</p>
Arbeidsmåtar	<p>Kvar morgon: Morgonsamling med bibel-refleksjon, som set igang det vi skal jobbe med i verkstaden den dagen.</p> <p>Kvar kveld: Kveldssamling med lystenning for kvarandre. Skrive eigne bønner, ber Herrens bøn saman, syngje, samtale. Andre samlingar: Film og bålkveld, leirkveld, bad-hair.</p>
Ansvarleg	<p>Trusopplærar i Sogndal-Leikanger og Luster og barne-ungdomsarbeidar på Lyngmo.</p> <p>Invitasjonen må signalisere ”Først til mølla”-prinsippet. Dei som ikkje får plass første året får sjansen året etter.</p> <p>Felles-tiltak for Sogndal/Leikanger/Luster.</p>
Kommentar:	<p>Pangstart er i i dagane før skulestart. Trusopplærarane har ansvar for TOL-innhaldet på leiren, og lagar invitasjon som dei sender ut.</p> <p>Dei set opp dagsplanar saman med barne-og ungdomsarbeidar på Lyngmo, vurderer ulike aktivitatar og anna praktisk, saman med henne. Lyngmo tek imot påmeldingar på si heimeside.</p>



Juniorkonfirmant- kode B

Alder: 12 - 12 (4 Samvær, til saman 8 timar)

Mål	<p>Skape leseglede, nysgjerrigheit og undring over Bibelen sitt mangfaldige innhald.</p> <p>Livstolking og livsmeistring</p> <p>Erfare vennskap og kjensla av å høyre til. Undre seg over spørsmål om: Vennskap og relasjonar. Tru og tvil. Tilgjeving og forsoning.</p>
Tema/innhald	<p>Tru og tradisjon i kyrkja</p> <p>Kva er Bibelen? Skapinga: 1.Mos 1.1-31 Babels tårn: 1 Mos 11,1-9 Moses reddar Israel: 2.mos.7-15 Forteljninga om Jesu liv: Bli kjend med Jesus: Matt.1. 18-2.23 m.m. Det handlar om vanlege menneske: Bli kjend med disiplane: Matt .4 18-22 og Mark 1,14-20 m.m.</p> <p>Kristen tru i praksis</p> <p>Vi lyttar og samtalar. Liturgisk avslutning : Song, lystenning, Herrens bøn, velsignelse.</p>
Arbeidsmåtar	<p>Sjå ein temafilm i kvar samling. Song/dans. Forteljning. Danse Kode og syngje "Love"-songen. Ulike aktivitatar. Førebu gudsteneste. Måltidsfelleskap.</p>
Ansvarleg	<p>Trusopplærar</p>
Kommentar:	<p>Trusopplærar sender ut invitasjon til 12 åringane. Ein samling i veke 2, 3, 4, 5 Vi avsluttar opplegget med "Såmanns-gudsteneste" i kyrkjene.</p>



Det er ditt val: Snart konfirmasjon

Alder: 13 - 13 (2 Samvær, til saman 4 timar)

Mål Å gi god informasjon til konfirmantar og foreldre om konfirmasjonsopplegget.

Tema/innhald	<p>Livstolking og livsmeistring Gje tryggleik til å gjere eigne val. Om tru og tvil; at det er lov og vere underveis. Å ha ein heim i Guds kyrkje på jorda.</p> <p>Tru og tradisjon i kyrkja Verte kjend med at konfirmasjon er stadfesting av dåpen. At kyrkja tilbyr konfirmasjon-opplæring for dei som ynskjer å verte konfirmerte.</p> <p>Kristen tru i praksis Å høyre til; Joh.3,16, Joh.1,9-12 Vise info-film om konfirmasjon i soknet dei tilhøyrer. Fortelje og lytte. Gi rom for spørsmål og refleksjon om dåp og konfirmasjon. Vere tydeleg på at konfirmasjonstida er open for både døypte og udøypte ungdommar.</p>
Arbeidsmåtar	Dele ut brosjyrar om konfirmasjonsopplegget. Vise Info-film. Leggje opp til spørsmålsrunde.Informere om dåp. Vere tydeleg på at foreldre og konfirmantar kan ta kontakt med prestane for spørsmål,seinare.
Ansvarleg	Sokneprest og barne -og ungdomsprest
Kommentar:	Prestane har ansvar for å ta kontakt med skulen dersom samlinga med konfirmantane skal vere der. Dei har òg ansvar for invitasjon/info til foreldre, i høve foreldremøte.



Konfirmasjons-opplæring

Alder: 14 - 14 (25 Samvær, til saman 60 timar)

Overordna mål:

At konfirmantane opplever ein heim i Guds kyrkje på jorda.

At dei skal oppdaga at Guds rike er ein skatt, og at dei sjølve er verdfulle perler.

Prosessmål:

At alle konfirmantane opplever seg sett, respektert og teken på alvor.

At alle konfirmantane får ei meir heilskapleg forståing og oppleving av kristent trusgrunnlag.

At alle konfirmantane får ei meir heilskapleg forståing og oppleving av kristne praksisar, med vekt på gudstenestefeiring, diakoni, bibelbruk og bøn.

At udøypte 14-åringar vert hjelpte til å komme fram til ei avgjerd om dåp.

At konfirmantane opplever seg som verdfulle medarbeidarar i kyrkjelyden

At konfirmanttida oppglødar til vidare medarbeidarskap i kyrkjelyden.

Læringsmål:

Bibelstoff:

Fader Vår (Matt 6, 6-13)

Dei 10 boda (2. Mos 19,20; 20, 1-20)

Den vesle Bibelen (Joh 3,16)

Kjærleiksbodet (Matt 22, 37-40)

Den gylne regel (Matt 7,12)

Dåpsbodet (Matt 28, 16-20)

Jesus er veggen (Joh 14,6)

Jesus er oppstoda (Joh 11,25)

Mål

Anna:

Truvedkjenninga

Namnet på perlene i Kristuskransen

Utvalde salmar

Livstolking og livsmeistring

Tru og tradisjon i kyrkja

Dåpen.

Symbolikken i Kristuskransen.

Det eine menneske er unikt, vi er eit fellesskap.

Alle velkomne i kyrkja.

Gud er verten som ber oss inn.

Å vere del av eit gudstenestefeirande fellesskap.

Undring og respekt i møte med skaparverket, meg sjølv og medmenneska.

Sjølvbilde og menneskeverd.

Gudsbilde – Gud er alltid større.

Refleksjon over ulike sider ved Jesu person.

Å respektere sine egne og andres grenser. Etikk.
Kristuskransen.

Dåpsbodet (Matt 28, 16-20). Døypefonten.

Alteret og nattverdselementa (Joh 3,16).

Korset som Jesu teikn.

Fader Vår (Matt 6, 6-13).

Det store gjestebodet (Lukas 14, 15-24).

Skaparverket fortel om Gud, hans storheit og godheit (1. trusartikkel og Salme 34,9).

Mennesket skapt i Guds bilde (1. Mos 1, 27-28; 2,18-25, Salme 8).

Mennesket som forvaltar.

Jesus er sant menneske (2. trusartikkel og Luk 2, 1-6).

Jesus gjer ikkje skilnad (Mark 10, 13-16).

Jesus er kjærleik (Joh. 3,16).

Jesus er sterkare enn døden (Joh 11,25).

Jesus er Guds son (Matt 16, 13-16).

Jesus er verdens lys (Joh. 8,12).

Jesus er frelsaren (2. trusartikkel og Joh 14,6).

Tema/innhald

Diakoni, sosial rettferd, engasjement for andre (Kain og Abel, 1.Mos 4, 8-9, Den miskunnsame samaritanen, Luk. 10, 25-37, Den gylne regelen Matt 7,12).

Dei ti boda (2. Mos 19,20; 20,1-20)

Kyrkjelyden som fellesskap (3. trusartikkel og Apg 2,1-13).
Dåp.

Kristen tru i praksis

Bønn med Kristuskransen.

Bønn og lystenning.

Å be Fader Vår.

Nattverd.

Å førebu og feire gudsteneste som deltakar og medhjelpar.

Måltidsfellesskap i kyrkja.

Å førebu og gjennomføre bønevandring.

Å motta frå Gud og møte hans godheit gjennom skaparverket.

Mennesket som forvaltar.

Å ha tillit til Jesus.

Å ta vare på kvarandre.

Sosial rettferd.

Konfirmantåret tek til ultimo august og sluttar i løpet av mai. Læremateriell er boka ”Skatten og perlene” samt Kristuskransen.

Vi har samlingar i kyrkja, på kyrkjelydshytta, i aktivitetsgrupper og konfirmantnatt. Feiring av enkle opnings- og avslutningsliturgjar. Ved store fellessamlingar skjer undervisninga i mindre grupper. Øving og førebuing av gudstenester. Måltidsfellesskap.

Alle lagar sin eigen kristuskrans. Gjennom året lagar vi

- 1) Stort trekors med mange steinar, kvar stein har eit konfirmantnamn.
- 2) Ein stor mangefarga plakat ut frå spørsmålet ”Kva farge har Gud?”
- 3) Eit stort, kvitt Krisutslys.
- 4) Plakatar med fargerike håndavtrykk, eit frå kvar konfirmant.

Arbeidsmåtar

Desse gjenstandane vert brukte i samtalegudstenesta.

Når samtalegudstenesta vert førebudd, gjennomfører konfirmantane ein kort skriftleg eller munnleg prøve. Pensum er lista opp i rubrikken ”Mål” under ”Læringsmål”.

I tillegg til undervisningsopplegget og dei fire gudstenestene som høyrer inn i dette, deltek kvar konfirmant på fire andre gudstenester og ei aktivitetsgruppe med minst fire samlingar. Frammøte på desse andre gudstenestene vert dokumentert i eigen protokoll eller på annan måte. I nokre av desse gudstenestene er

konfirmanten medliturg.

Aktivitetsgruppene samlast om lag to timar kvar gong. Gruppene er ulike i innhald og arbeidsmåte, men har til felles at konfirmantane skal få ein breiare erfaring av kristen tru i praksis og medarbeidarskap. Gruppene er mellom anna: delta på Basecamp (kristen ungdomsklubb), dans, samtalegrupper, musikkgruppe, medleiar på søndagsskule, filmgruppe.

Ansvarleg

Prestane i eininga

Mykje av konfirmantsamlingane i Stedje vert gjennomført saman med konfirmantane frå Norum og Fjærland, konfirmantane frå desse tre sokna går på same skule.

Samver 1: Kyrkja som hus. Sakramenta. Gjenstandar i kyrkja. Det store gjestebodet. Førebu presentasjonsgudsteneste.

Samver 2: Presentasjonsgudsteneste

Samver 3: Tur i naturen. Gud som skapar. Mennesket som forvaltar.

Samver 4: Gode trafikkreglar. Dei ti boda.

Samver 5: Kven er Jesus? Førebu lysmesse.

Samver 6: Lysmesse.

Samver 7: Kven er eg? Mitt liv, min historie. Sjølvbilde og eigenverd.

Kommentar:

Samver 8: Det er ikkje godt å vera åleine. Kropp, sjølvbilde, seksualitet.

Samver 9: Døden, sorga og det vonde. Nestekjærleik og diakoni. Å ta ansvar. Bønevandring.

Samver 10: Konfirmantnatt, inkludert innsamling til KFUK-M sin globalaksjon.

Samver 11: Førebuing til fasteaksjon.

Samver 12: Fasteaksjon.

Samver 13: Gud og vi - eit samfunn av dei heilage. Pinse. Førebu samtalegudsteneste. Prøve.

Samver 14: Samtalegudsteneste.

Samver 15: Øving til konfirmasjon. Evaluering. Går du vidare?

Samver 16: Konfirmasjon.

Samver 17: Individuell samtale med leiar i byrjinga av konfirmantåret.

Samver 18-21: 4 valfrie gudstenester. Å førebu og feire gudsteneste.

Samver 22-25: 4 samlingar med aktivitetsgruppe, sjå "Arbeidsmåtar".




”Størst av alt”-kveld

Alder: 14 - 18 (8 Samvær, til saman 16 timar)

Å gje ungdomane i eininga ein stad der dei kan søke Gud, modnast og vekse i trua.

Mål

Tiltaket er sett i gang for å styrke satsinga på gruppa 15-18 år, og for å søke å få fleire aktørar(kyrkje og organisasjonar) til å einast om eitt fellestiltak i månaden så ungdomane kan sjå at det finst andre kristne ungdomar og få nytt frimod.


	Livstolking og livsmeistring	Opplive å høyre til i eit fellesskap. Finne sin plass mellom dei truande. Vinne frimod.
Tema/innhald	Tru og tradisjon i kyrkja	Gjennom aktuelle tema for aldersgruppa knyter ein inn det Bibelen fortel om: Den bortkomne sonen; Luk 15,11-32 Jesus er vegen, sanninga og livet; Joh 14,6 Nåde og fred; Ef 2,1-10, Rom 5,1-11 Guds er kjærleik; 1.Joh. 4, 7-21
	Kristen tru i praksis	Feire nattverd, syngje lovsongar, be bønner, sosialt fellesskap. Sjå film/bilete. Delta i lovsongsband.
	Gudsteneste med enklare liturgisk uttrykk. Andakt. Øve inn songar med band; ungdomar sjølv som musikarar.	
Arbeidsmåtar	Nattverd. Bønnevandring: Dele ut hjarte, lystenning, bønnekrukke, knele ved altarringen, m.m. Vise bilete/film.	
Ansvarleg	Barne-og ungdomsprest og ungdomane sjølve. Fellestiltak.	
Kommentar:	Ungdomsprest har ansvar for info om tiltaket. Kartleggje interesse for Kafe? Vi køyrer ”Størst av alt”-kveld ein gong i månaden, koordinert frekvens med SIM sin lovssangs-samling.	
	Ungdomsledar-trening: Går du vidare? Steg 1. På god veg! Steg 2 og Steg 3 Alder: 15 - 18 (Samvær, til saman timar)	
Mål	Personleg vekst som kristen og leiar. Trene og utruste til frivilligheit, gjennom å delta som frivillige i trusopplærings-tiltak.	
	Byggje relasjonar ungdomane i mellom og ungdomane som ein del av kyrkjelyden	
Tema/innhald	Livstolking og livsmeistring	Opplive å høyre til i eit fellesskap. Finne sin plass mellom dei truande. Vinne frimod
	Tru og tradisjon i kyrkja	Gjennom deltaking i trusopplæringstiltak vil ein jobbe med tilhøyrande innhald. (jfr. 4 og 11 årings-tiltak, konf. og ”Størst av alt”-kveld for steg 2 og 3)
	Kristen tru i praksis	Kol.3, 12-17 Medvandring: Gjennom observasjon, deltaking og praktiske oppgåver I TOL-tiltak, få høve til å mognast i eiga trusvandring og som del av medarbeidar- fellesskap. Utvikle seg som musikarar, gjennom sang og andre instrument.
	Steg 1: Medleiar på 4 og 11 årstiltak. Dette steget tilbyr ein eigen leir i forkant av "Pangstart"-leiren, som dei er leiarar på.	
Arbeidsmåtar	Steg 2: Ungdomsleiar; på konf. og ”Størst av alt”-kveld.	

Steg 3:
Ungdomsleiar; deltaking på ungdoms-leiarkurs.

Det er og eit mål i ungdomsleiararbeidet å reise på ein eller fleire turar.

Ansvarleg Ungdoms-prest og trusopplærar

Kommentar: Dette er rekna som "grunnlagsarbeid" og ikkje som breddetiltak. Difor får vi ikkje telje timar og samver her.

 Ungdomsleiar-leir før pangstart!

Alder: 15 - 15 (Samvær, til saman timar)

Mål At ungdomsleiarane skal bli godt kjende med kvarandre før leirdeltakarane kjem. Verte trygg i rolla som ungdomsleiar.

Livstolking og livsmeistring

Å høyre til i eit fellesskap. Reflektere over temaet for leiren og kva det kan bety for seg.

Tru og tradisjon i kyrkja

Arbeide med bibeltekstar som er valde(Sjå bibelhenvisn. under PANGSTART!).

Tema/innhald

Kristen tru i praksis


Vi samtalar om tema og lyttar til kvarandre. Vi syng, les i Bibelen, ber eigne bønner og tenner lys. Vi ber Herrens bøn. Refleksjon om tema også gjennom kreative uttrykk. Vi jobbar med tankar rundt det å vere ungdomsleiar i møte med 11-13 åringar.

Arbeidsmåtar Bli kjent- samling. Lære leirsong og leirdans. Temasamling. Verkstad 1- måling. Verkstad 2-båtar. Aktivitetar ute. Leiar trening. Kveldskos, film. Kveldssamling.

Ansvarleg Trusopplærarane i Sogndal og Luster

Kommentar: Trusopplærarane informerer og inviterer ungdomsleiarane til ein eigen leir, før 11-13 åringane kjem. Dette er rekna som "grunnlagsarbeid" og ikkje som breddetiltak. Difor får vi ikkje telje timar og samver her.


Andre tilbod til barn og unge i regi av kyrkjelyden og/eller barne- og ungdomsorganisasjonar

 1-2-3 småtroll-trall, i Stedje kapell

Alder: 1 - 3

Mål Gi foreldre eit tilbod etter baby-song. Halde kontakten med dei. Å leggje til rette for eit godt samspel mellom barn og foreldre. Motivere til trusopplæring i heimen og gi tryggleik om at den viktigaste trusopplæringa skjer heime!


Ansvarleg Trusopplærar

 Søndagsskulen, Stedje

Alder: 4 - 10

Mål Å gje Jesus til borna!


Ansvarleg Åse Storegjerde, Stein Borndevik og Gudrun Skjerdal

 Søndagsskulen, Notsete

Alder: 4 - 10

Mål Å gje Jesus til borna!


Ansvarleg Ester og Leif Arne Nordheim

 Søndagsskulen, Gjesthaugen

Alder: 4 - 10

Mål Å gje Jesus til borna!

Ansvarleg Jorunn Hilleren og Inghild Orrestad

 Barnespelen

Alder: 5 - 9

Mål Vi syng om Jesus, Han er vår ven, bli med og syng, kom igjen!

Ansvarleg Ingar Husum (SIM) og Kjell Olav Nordheim (Barne-og ungdomsprest)

[Utskriftsvennlig versjon \(pdf\)](#)